

MØTE.

BOOK

Radøy kommune

Formannskapet

Aa 7

Nærbok for formannskapet

04.08.1978 - 28.05.1980

RADØY FORMANNSKAP

hadde møte mandag 21. januar 1980 etter innkalling på vanleg måte.

Desse møtte: Ordførar Meinert Helland, Bjarne Storheim, Dagfinn Thomassen, Annemor Haugland, Håkon Askeland, Georg Dalland og Oddmund Skjelvik.

Dessutan møtte kommunekontorsjef Petter S. Morken, kommuneingeniør Einar Borgund og Karstein Bremnes.

✓ 74/80. Meldingar

✓  
-179  
800

Det låg føre rekneskap for Radøy overformynderi 1978, dagsett 27.12.79. 18. desember 1979 vart det halde møte hjå fylkesmannen i Hordaland for desisjon av overformynderi rekneskapa i 1978.

Vedkomande rekneskapen for Radøy overformynderi vart det avsagt desisjon i samsvar med revisjonssjef Gustafson si revisjonsmelding.

✓ 75/80. Gåva i samband med opning av Nordhordlandstunet

80  
423

VEDTAK: Formannskapet vedtok samrøystes å yta ei gåva på kr 1.000,- i samband med opninga av Nordhordlandstunet.

Dekning kto. 1.881.299 Tilfeldige utgifter.

✓ 76/80. Kjøp av Krossneset i Bøvågen

839  
79  
505

I samband med regulering av deler av Krossneset i Bøvågen til industriområde vart 3 nausttomtar hindra frå å verta utbygde. Resten av Krossneset er regulert til naustområde. Her er ein del fast utlagde nausttomtar, med og utan naust. Det er og ein del disponibelt areal, men området er sameiga, som er utlagd ved utskiftinga over garden Bø.

Frå kommuneadministrasjonen er det kalla inn til 2 møter med interessentane til sameiga om dei 3 nausttomtane. På desse møta har ein del av dei frammøtte vore interessert i sal av attverande areal av Krossneset til kommunen. Det er likevel ikkje full semje om sal.

Kommuneingeniøren ber no om at formannskapet drøfta saka, og tilrår at kommunen kjøper det ledige arealet av sameiga i Krossneset. Og likeeins kjøper til industriføremål dei 3 nausttomtane på siida av Krossneset.

FORMANNSKAPSTILRÅDING:

Formannskapet rådde samrøystes kommunestyret til å gjera slikt vedtak:

Formannskapet får fullmakt til å ta opp tingingar med grunneigarane på Krossneset for kjøp av det ledige arealet av sameiga, og om turvande førebu ekspropriasjon av arealet.